



skal spele. Det er nokre folk eg lit veldig på når det gjeld musikk, men veldig mange eg ikkje lit på. Dei må kursast, seier Pedro og reiser seg for å slå vatnet over kaffien.

Han må òg gjere ting åleine, fortel han, der han sjølv tek opp all plassen.

– Når eg jobbar åleine, er det ikkje anna enn eg, ei blank side, ein haug med bøker, og hovudet mitt. Det er eg som styrer metoden, eg som styrer tempoet.

– Det er det som er fint med eit arbeid i høve til det andre som er samarbeidet. Der må ein ta omsyn, vite at ein er fleire om ein ting, sjå etter styrkane og veikskapane til kvarandre, og vite kor ein skal inn og kor ein skal ut. Det liknar mykje på eit kjærleiksforhold, berre at ein ikkje har det fysiske der: *Når er du god? Når er det eg kan suge kraft frå deg? Når er det at eg vil vere med deg for å få det eg vil ha av deg? Og kva er det du*

*er dårleg på som gjer at du treng meg?*

– Det er ting eg ikkje kan som Fredrik og Andreas i Sister Sonny kan. Eg lærer veldig av det. Då må eg vite at *Ok, no er vi her. No er det ikkje plass til alle dei avsporingane, digresjonane som eg kan ta og tillate meg å ta når eg jobba åleine.* For då er det jo berre meg det går ut over.

– Kva er best av å arbeide åleine eller i band?

– Det endrar seg med alderen. Du kan spele i band i byrjinga av tjuetåra. Då har du ein unik fellesskaping med deg og venene dine, eit svirebroraktig mannleg kollektiv som er drittfint. Du drikk og dopar deg og går på byen og sjekkar damer og spelar i band, liksom.

– Ein veks opp, får seg kjærast, byrjar å leve litt andre typar liv og då må bandkonseptet morfast over i noko anna. Sister

Sonny møtest aldri lenger, har ingen kvar-dagsvennskapar lenger, og det påverkar heile måten å skrive på, måten å komponere på.

– Det beste er å spele i band og øve fire gonger i veka og leve i øvingslokalet og ha ein sånn felles idé, ein sånn felles definert eller uttala draum som ein jobbar mot. Det var jævli vakkert ei stund, *sjempéfint.* Men ein kan ikkje gjere det lenger.

**P**edro er utruleg grei! Det sa Siri «Sissy Wish» Wålberg, som òg kjem med nytt album i disse dagar.

– Nei, forresten. Det blir for tynt. Eg kan takke Pedro for at eg har fått til mykje her i livet. Han har vore ein stor inspirasjon, sa Wålberg.

– Pedro og familien flykta saman frå Chile via Argentina til Noreg. Det gav dei eit band som vi andre ikkje skjønar, sa Fredrik Færder,

– Eg har ein jævli sånn herre protestantisk arbeidsmoral, seier Pedro Carmona-Alvarez, som har putene på hylla, bøkene i vindaugskarmen, og trommesettet på soverommet.

*Pedros barndomskamerat frå Kolbotn. Dei fann kvarandre gjennom musikken.*

– Pedro og eg sat saman og hørde på skiver. Beatles. Pedro spela latinamerikanske folkeviser. Vi las roccebiografiar, og skreiv egne biografiar om vårt fiktive band.

– Dei bandbiografiane var kanskje det mest karakteristiske med Pedro. Norskstilane hans var nesten alltid historier om suksess og popularitet. Dei realiserte banddraumen då dei framførde «Killing Me Softly» for barneskulen, sa Tone Solbrette Dyrdaahl.

– Sister Sonny flyttar frå byen. Får barn... oppsummerer Pedro.

– Drøymmer du om familie?

– Om eg gjer det? Tenkjer ikkje så mykje på det.

– Du snakkar om reproduksjon. Kva tenkjer du om å få barn?

– Viss det kjem, så kjem det. Eg har ikkje så mykje behov for å tenkje på det no. Har ikkje peiling på det. Det er ikkje mitt bord. Eg veit ingenting om reproduksjon. Kvifor spør du om det? spør han.

– Kan verke narsissistisk absolutt å skulle vidareføre sine gen, seier eg.

– Folk gjer jo ting av ymse grunnar. Det er jo sikkert ein veldig sånn narsissistisk ting med å få barn. Samtidig seier alle at noko anna har teke førsteplassen. Men *narsissistisk?* Ord kan jo berre vridast og vendast på. Eg vet'sje, seier Pedro, som seier *sjæreste* og *shile*, men ikkje *vet'sje*, vel?

– Eg har jo budd altfor lenge i Bergen, seier Pedro og reiser seg etter vatn. Stunda er over. På tide å gå heim. Men eg treng eit bilete.

– *Perfect is a fault*, står det skribla over ein gitar i hjørnet. Målinga er kvit som korrekturelakk, rota og spruta som blekk, og liknar Ralph Steadman i negativ.

– Er det ikkje usolidarisk å hetse perfektjonistar?

– Kanskje det. Eg kan ikkje tenkje på alle, smiler Pedroprinz, som han blir kalla på heimesida til Sister Sonny, set seg i sofaen og lenar seg attende. Eg følgjer blikket hans med linsa. Det er ei hylle over hovudet hans, heilt oppe ved taket. I hjørnet ligg fem fluffy puter som hjarteforma bikubar. Det står «I love you» i kvit lykkjeskrift på putene.

**E**g spurde Lars Christian Heinz om det er noko han vil seie om Pedro på tampen.

– Han er latino, og romantikar med stor R. Pedro diggar Julio Iglesias, og er den einaste eg kjenner som kan seie «I love you» utan at det høyrer seg ut, sa Lars Christian Heinz.

– Men enkelte dagar skal han framleis berre ta heile verda, sa Heinz.

Eg spør Fredrik Færder: Kvifor skal Pedro berre ta heile verda enkelte dagar?

– Fordi han har noko å seie, og klarar å få sagt det. Han har forstått kva som tel, at det er å levere godt stoff, kvalitet, og ikkje bruke mykje tid på å bli sedd, sa Fredrik Færder.

Mette Karlvik er forfattar.